

Forteljing på timeplanen

Anne Elisebeth Skogen har hatt forteljarkurs over to dagar for flyktningane i kommunen.

Arne Vestbøstad

– Forteljarkurset er ein del av Suldal kommune sitt introduksjonsprogram for flyktningar. Introduksjonsprogrammet tek sikte på å styrkja den einskilde gjennom kursing og språkopplæring, slik at han kan fungera bra i samfunnet. Dei har vore gjennom mellom anna leirskule og datakurs, og har i vente kurs som brannsløkking og førstehjelp, og andre nyttige kurs, kan Brita Bøen Hoftun fortelja. Ho er koordinator for vaksenopplæringa, som har ansvaret. Forteljarkurset er ei vidareføring av eit leirskuleopphald på Gullingen leirskule som innvandrarene var gjennom tidlegare i sommar. Dei skulle fortelja om opplevingar under leiren, så kurset var ei trening i å presentera seg sjølv som person og fortelja historier. Bøen Hoftun seier at ho har sett stor framgang for dei som har vore med på kurset.

Kurset kom i stand på grunn av kommunen sine plikter overfor flyktningane.

– Flyktningane har dei same rettane og pliktene som andre arbeidstakarar. Dei har fem veker ferie og 37,5 timars arbeidsveke. Sidan skulane enno har ferie, ordna me til eit matnyttig kurs for dei.


Hoftun trekkjer fram behovet for fleire praksisplassar, noko som vil gje relevant språkpraksis og arbeidstrening og ei praktisk tilnærming til samfunnet.

– Dei er ikkje flyktningar, men dei nye innbyggjarane i kommunen vår, og då må me setja dei i stand til å ta del i samfunnet her.

Viktig å kunna fortelja

Anne Elisebeth Skogen har tidlegare jobba med norskopplæring for utlendingar då ho jobba ved Ryfylke Folkehøgskule. Dette var likevel noko nytt for ho.

– Eg sov dårleg natta før kurset. Vanlegvis når eg held kurs har eg full kontroll, men dette var annleis. Eg var veldig spent.



Den første gruppa i full konsentrasjon før dei skal fortelja frå Gullingen. Frå venstre: Ronak Hekmat, Sebar Forsat, Khalid Forsat og Thaira Yalda.



– Forteljarkurset er ein del av Suldal kommune sitt introduksjonsprogram for flyktningar, fortel koordinator for vaksenopplæringa, Brita Bøen Hoftun.

Kurset gjekk ut på å trenast seg i å ta ordet på norsk og jobba med munnleg presentasjon.

– Me har jobba med det munnlege, for å styrkja reiskapen dei har til å gjera seg forstått. Dei har komme litt ulikt i kor godt dei meistarar norsk, men me ser at i løpet av desse to dagane har dei komme eitt skritt vidare. Skogen ser på god norskkunnskap som ein nøkkel til å bli betre kjent med folk.

– Når du kan språket så godt at du kan fortelja historier om deg sjølv, om barndommen din og opplevingar du har hatt, dine egne forteljingar, då kan folk verkeleg bli kjende med deg.

Avslutninga av kurset var ei framsyning, der deltakarane fortalde frå eit leiropphald dei var gjennom tidlegare i år. Dei fortalde om sitt møte med norsk fjellliv. Dei gjekk mellom anna lange turar, lærte om fuglar og opplevde leirlivet, med kortspel og regnkledde.

Skogen venta med å fortelja om framsyninga som deltakarane skulle avslutta med. Å jobba mot eit konkret mål kan vera disiplinerte og motiverande, men men ho måtte prøva seg litt fram før ho fortalde om framsyninga, sidan ho ikkje kjende deltakarane frå før.

– Det har vore eit stort steg å ta for fleire å måtte snakka framfor eit publikum. Generalprøven gjekk litt betre enn sjølv framsyninga, men det viktigaste var at dei prøvde. Me lagde litt avtalar at dei kunne spørja kvarandre om ord dei var usikre på, slik at dei hadde trygghet og hjelp i kvarandre.

Etter kurset fortalte Amira Cabdale at ho synest kurset var til stor hjelp når det gjeld å ta ordet på norsk.

– Eg har lyst å læra meg å snakka godt norsk. Det er kjempeviktig for å få kontakt med andre. No håpar eg at eg kan